

Kyrkjelyden ønskjer at konfirmanttida skal vere ei god og lærerik tid for alle konfirmantane, fylt med fine opplevingar, røynsler og kunnskap til å ta med seg vidare i livet. For at tida skal bli best mogleg, avtalar vi på førehand kva vi kan vente av kvarandre.

Av tilsette og konfirmantleiarar i kyrkjelyden kan de vente at:

- Vi bryr oss om konfirmantane.
- Vi gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vere lærerik og minneverdig.
- Vi – saman med konfirmantane – lagar god undervisning og flotte aktivitetar.
- Vi sender ut informasjon i god tid og held nettsidene kontinuerleg oppdaterte.
- Vi svarar på e-post og telefon.

Av konfirmantane ventar vi at:

- Du deltek i all undervisning og alle aktivitetar.
- Du deltek på minst 8 gudstenester i løpet av konfirmanttida.
- Du møter presis til timane og tek med bibel og konfirmantbok.
- Du melder frå når du er forhindra frå å kome, og tek att fråvær med ekstratime eller oppgåveløysing.
- Du utfører ei anna oppgåve i kyrkjelyden dersom du ikkje møter på fasteaksjon.

Av dei føresette ventar vi at:

- De møter på foreldremøta.
- De leverer dokumentasjon og informasjonsskjema innan dei oppsette fristane.
- De sender skriftleg melding til presten på førehand dersom konfirmanten er nøydd til å vere borte frå ein del av opplegget.
- De følgjer opp og støttar konfirmantane.
- Frivillige hjelper til med køyring i samanheng med Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon i slutten av mars 2023.
- Frivillige er med som medhjelparar på konfirmantleiren på Gjennestad
- Frivillige er med som nattevakt og kjøkkenteneste på Skirvaleiren.

Gudstenestene som inngår i konfirmantopplegget, er opne for alle, og de er hjarteleg velkomne.

Ta gjerne kontakt:

post@kirken.tinn.no tel 35 08 28 60

toralv.lie@kirken.tinn.no tel 926 28 337

Helsing frå oss som arbeider med konfirmasjon i Tinn.



KONFIRMAN*
2022-2023



VELKOMEN
Nå er det din tur til
å bli konfirmant
i Tinn

Ei viktig tid – eit viktig val!

Det er berre eit år til ein høgtideleg dag i livet ditt.
Velkommen som konfirmant i Tinn!

'Konfirmanttida er ei tid for å tenke nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner! Tema vi skal utforske saman, er: Kvar kjem eg frå? Kva skal eg bruke livet til? Finst Gud? Vennskap og menneskeverd. Sorg og glede. Mote og mobbing. Kjærleik, seksualitet og samliv. Miljø og rettferd. Korleis kan eg bety noko for andre? Kven er Jesus?

I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkje og stille spørsmål. Ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Konfirmasjonshandlinga er ei forbønnshandling der vi ber Gud om å velsigne og styrkje kvar enkelt konfirmant. Det krevst ikkje noka vedkjenning frå konfirmanten. Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, der Gud seier ja til oss og vil vere ein del av livet vårt.

EI KONFIRMANTTID FOR ALLE

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom det trengst individuell tilrettelegging, ta kontakt med presten, slik at vi kan finne dei gode løysingane for dykk. For døve / hørselshemmede er det og tilbød på nett. <https://dovekirken.no/>

Ønsket og Elsket

Ønsket og elsket er eit opplegg i Øvre Telemark prosti som dekkjer halvparten av konfirmantundervisninga.


Det blir Kick-off i Seljord (truleg 29.10).

Etter planen blir det også konfirmanttreff i Seljord våren 2023, med turneringar, konkurransar, aktiviteter og informasjon om Kirkens Nødhjelp og Fasteaksjonen

Sommerleiren på Gjennestad blir i veke 26, 26.-30. juni 2023.

Då er me saman med konfirmantar frå Rjukan og store deler av øvre Telemark, inkludert Ulefoss, Lunde, Sauherad, Bø og fleire andre kyrkjelyder.

For konfirmantar som av ulike grunner ikkje kan vere med på leiren har vi eit felles pilegrimskonfirmantopplegg



STØRST AV ALT
TROSOPLÆRING I DEN NORSKE KIRKE



LOKALT OPPLEGG

Undervisningstimate er i på Marum-Ullern etter skuletid på tysdager, og om praktisk tenleg på Montessori etter skuletid på onsdager. Gudstenestene er i Austbygde og Mæl, Atrå og Hovin kyrkjer. Me har samarbeid med Rjukan om mellom anna tur til munkelyden og weekendtur til Skirva Fjellkyrkje.

Vi ønsker å gi deg gode opplevingar saman med venner og leiarar.

EG ER IKKJE DØYPT – KAN EG KONFIRMERAST?

Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønns gudstenesta. Kvart år er det fleire konfirmantar som blir døypte i ordinære eller eigne gudstenester.

INFORMASJON OM KONFIRMANTTIDA:

På heimesida vår:

Her er og PÅMELDING
<https://kirken.tinn.no/>

På Facebook:

[Konfirmanter i Kirken i Tinn 2022-2023](#)

Ønsket og Elsket

Dei er og på Snapchat, Instagram og Fb
<https://ovretelemark.no/onsket-og-elsket>

Pris - egenandel pr konfirmant kr 2 700

Dette går til mellom anna leir på Gjennestad, Leir på Skirva, eigne konfirmantbøker samt servering på undervisningsamlingane i kyrkja og transport.

Me ønsker at så mange som mulig viser sin interesse og melder seg på innan sommaren. Påmeldingsfrist er 15. august.

Meld deg på snarast råd, HELST innan sommaren.